

## Nytt regelverk om elevanes rett til eit godt skulemiljø

Stortinget har vedteke nytt regelverk om skulemiljø. Det nye regelverket gjelder frå 1. august 2017. Det nye regelverket finnes i eit nytt [kapittel 9 A i opplæringsloven](#).

### Nulltoleranse mot krenkjande handlingar

Det nye regelverket slår fast:

- alle elevar har rett til eit godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.
- skulen skal ha nulltoleranse mot krenkjande handlingar som mobbing, vald og diskriminering.

### Aktivitetsplikt for skulane

I det nye regelverket har skulen fått aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta inneber at skulens tilsette har:

- plikt til å følgje med om elevane har eit godt skulemiljø
- plikt til å gripe inn i akutte situasjonar
- plikt til å varsle all mistanke om og kjennskap til at elevar ikkje har eit godt skulemiljø
- plikt til å undersøke all mistanke om og kjennskap til at elever ikkje har eit godt skulemiljø
- plikt til å sette inn tiltak når elevar ikkje har eit godt skulemiljø

Denne aktivitetsplikta gjeld for alle vaksne som arbeidar på skulen.

### Meld frå til skulen

Viss ein elev opplev at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, kan eleven sjølv eller dei føresette melde frå til ein av dei tilsette på skulen. Skulen må då sette inn tiltak som skal sikre at eleven får eit godt skulemiljø.

### Plan over tiltak

Det gamle regelverket hadde bestemming om at skulene skulle fatte eit enkeltvedtak viss ein elev eller føresett ba om det. Denne bestemminga gjeld ikkje lenger.

Bestemminga om enkeltvedtak er erstatta av skulens plikt til å sette inn tiltak når ein elev eller føresett seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Skulen skal også sette inn tiltak når skulen sjølv har avdekka at elevar ikkje har eit godt skulemiljø. Skulen skal laga ein skriftlig plan over tiltaka.

Planen skal innehalde

- Kva problem som skal løysast
- Kva tiltak skulen har planlagt
- Kva tid tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarleg for å gjennomføra tiltaka
- Kva tid tiltaka skal evaluerast



## Førespurnad til Fylkesmannen

Viss ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, kan eleven eller dei føresette melde saka til [Fylkesmannen i Rogaland](#) etter at saka er tatt opp med rektor. Fylkesmannen kan då vedta kva tiltak skulen må sette inn for å sikra eleven eit godt skulemiljø. Viss Fylkesmannen skal behandle ein førespurnad frå ein elev eller elevens føresette, må saka ha blitt meldt til rektor på førehand og skulen må ha hatt ein vekes tid på seg til å sette inn tiltak.

## Informasjonsvideo

Fylkesmannen har laga ein kort informasjonsvideo om retten til eit godt skulemiljø.

<https://www.youtube.com/watch?v=9ewPaNLozV8>

## Ytterligere informasjon på foreldremøtar

Det vil bli gitt meir informasjon om regelverket for eit godt skulemiljø på foreldremøtar i haust. På foreldremøtane vil og skulens arbeid for eit godt skulemiljø bli presentert.

## Nullmobbing.no

Utdanningsdirektoratet har oppretta ein egen heimeside [nullmobbing.no](http://nullmobbing.no). Her finnast ytterligere informasjon om regelverket og gode råd til elevar og foreldre.